



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 15.05.2023 kl. 17:15-19:30

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Arnt Johny Langeland	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Terje Mork	Medlem
Stine Solheim Rørvik	Varamedlem
Aud Kari Steinsland	Varamedlem (T.o.m. til sak 26)
Ingvild Loftheim	Varamedlem

---

### Forfall:

Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2023/24		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2023/25		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 02.05.2023	RUNE ZIENER
SR 2023/26		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2023/27		Gudstenesteliste fram til 8. oktober	RUNE ZIENER
SR 2023/28		Offerliste t.o.m. 20. september	RUNE ZIENER
SR 2023/29		Tilbakemelding etter bispevisitas	RUNE ZIENER
SR 2023/30		Bruk av kyrkja sine klokker	RUNE ZIENER
SR 2023/31		Fastsetting av tider og stader for førehandsstemming og valtinget for kyrkjevalet 2023	RUNE ZIENER
SR 2023/32		Oppnemning av stemmemottakarar til kyrkjevalet	RUNE ZIENER

Askvoll, 15.05.2023

Rune Ziener  
referent

---

## SR 2023/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

---

## SR 2023/25 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 02.05.2023

### UTGREIING

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 02.05.2023.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 02.05.2023.

---

## SR 2023/26 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 12/23	Referat Holmedal kyrkjelydsutval 03.05.2023
M 13/23	Kyrkja og flyktningar frå Ukraina (drøftingssak)
M 14/23	Orientering om heilskapleg kyrkjelydsplan ("Kyrkja vår")
M 15/23	Kyrkjelydspedagogstillinga i Askvoll
M 16/23	Referat Kvammen kyrkjelydsutval 03.05.2023
M 17/23	Vestland Revisjon: Revisjonsmelding 2022 (05.05.2023)
M 18/23	Referat Askvoll kyrkjelydsutval 08.05.2023
M 19/23	Plassering av Anders Askevold-måleri

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med slik presisering til M-sak 14:

*Kyrkjeverja vert prosjektleiar i arbeidet med heilskapleg kyrkjelydsplan ("Kyrkja vår").*

## SR 2023/27 Gudstenesteliste fram til 8. oktober

### UTGREIING

Soknepresten har lagt fram følgjande forslag til gudstenesteplan t.o.m. 8. oktober 2023:

#### ASKVOLL KYRKJE

28.05.2023	11:00	Søndag	Høgtidsgudsteneste pinsedag Avskilsgudsteneste
18.06.2023	17:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd
16.07.2023	11:00	Søndag	FELLES GUDSTENESTE MED FJALER, I DALE KYRKJE
30.07.2023	14:00	Søndag	FELLES GUDSTENESTE MED FJALER OG HYLLESTAD, KORSSUND
13.08.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd
27.08.2023	17:00	Søndag	Familiegudsteneste, presentasjon, bokutdeling
17.09.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd
08.10.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd

BULANDET BEDEHUSKAP LL			
04.06.2023	17:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd
09.07.2023	10:15	Søndag	Gudsteneste med nattverd
20.08.2023	10:15	Søndag	Gudsteneste med nattverd
10.09.2023	10:15	Søndag	Familiegudsteneste, presentasjon, bokutdeling

#### HOLMEDAL KYRKJE

11.06.2023	14:00	Søndag	Vikastølen
02.07.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd
28.07.2023	19:00	Fredag	Utegudsteneste Ripeneset, samarb med Rivedal bygdelag
20.08.2023	15:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd
03.09.2023	15:00	Søndag	Familiegudsteneste, presentasjon, bokutdeling

#### KVAMMEN KAPELL

18.06.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd
23.07.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd
03.09.2023	11:00	Søndag	Familiegudsteneste, presentasjon, bokutdeling
01.10.2023	19:00	Søndag	Kveldsgudsteneste

#### VILNES KYRKJE

04.06.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd
23.07.2023	15:00	Søndag	Utegudsteneste? Ved kyrkja
27.08.2023	11:00	Søndag	Familiegudsteneste, presentasjon, bokutdeling
17.09.2023	13:30	Søndag	Gudsteneste med nattverd

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til soknepresten sitt forslag.

## **MØTEHANDSAMING**

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til soknepresten sitt forslag.

## SR 2023/28 Offerliste t.o.m. 20. september

### UTGREIING

Gjeldande offerliste går ut 28. mai.

Gudstenesteliste for sommaren (t.o.m. 20. september) er fastsett.

Ein må vedta offerliste for ein ny periode.

Kyrkjelydsutvala er bedt om å komme med innspel før vedtak i soknerådet, og vonleg vil forslag ligge føre til soknerådsmøtet frå alle.

### Gudstenesteliste

Kirke	Dato	Tid	Dag	Liturgi	Offerformål
Askvoll kyrkje	18.06.2023	17:00	Søndag	Gudsteneste	Redd Barna
Askvoll kyrkje	13.08.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste	Sjømannskirken - Norsk kyrkje i utlandet
Askvoll kyrkje	27.08.2023	17:00	Søndag	Gudsteneste	Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	17.09.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Askvoll kyrkje	08.10.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste	KFUK/KFUM Sogn og Fjordane
Bulandet kapell	04.06.2023	17:00	Søndag	Gudsteneste	Stefanusalliansen
Bulandet kapell	09.07.2023	10:15	Søndag	Gudsteneste	Den Indre Sjømannsmisjon
Bulandet kapell	20.08.2023	10:15	Søndag	Gudsteneste	Kirkens Bymisjon
Vikastølen	11.06.2023	14:00	Søndag	Friluftsgudsteneste	Kirkens Bymisjon
Holmedal kyrkje	02.07.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste	Trusopplæringa
Ripeneset	28.07.2023	19:00	Fredag	Friluftsgudsteneste	Sjømannskyrkja, Norsk kyrkje i utlandet
Holmedal kyrkje	20.08.2023	15:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Kvammen kapell	18.06.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	23.07.2023	19:00	Søndag	Gudsteneste	Teigen leirstad
Vilnes kyrkje	04.06.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste	Sjømannskyrkja, Norsk kyrkje i utlandet
Vilnes kyrkje	23.07.2023	15:00	Søndag	Gudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Vilnes kyrkje	27.08.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste	Skilbrei Ungdomssenter

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for mai t.o.m. 20. september som føreslege i vedlagte gudstenesteliste.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for mai t.o.m. 20. september (t.o.m. 8. oktober i Askvoll kyrkje) som føreslege i vedlagte gudstenesteliste.

---

## **SR 2023/29 Tilbakemelding etter bispevisitas**

### **UTGREIING**

Askvoll sokn har fått nokre utfordringspunkt etter bispevisitasen i mai 2022. Ein er bedt om å gi tilbakemelding på desse punkta innan eitt år etter visitasen.

Soknepresten har utarbeidd følgjande skriv om tilbakemeldingar på desse punkta (sjå vedlegg).

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd gir tilbakemelding til biskopen etter visitasen i 2022 i samsvar med skriv frå soknepresten.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd gir tilbakemelding til biskopen etter visitasen i 2022 i samsvar med skriv frå soknepresten.

---

## **SR 2023/30 Bruk av kyrkja sine klokker**

### **UTGREIING**

Soknepresten har gått gjennom og kartlagt gjeldande praksis for bruk av kyrkjene i soknet sine klokker (sjå vedlegg).

Etter regler for bruk av kirkens klokker § 10, har soknerådet

*"(...) ansvar for å registrere lokale ringeskikker som går ut over de bestemmelser som er gitt i reglenes punkt 2 - 8."*

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek til orientering at gjeldande praksis av bruk av kyrkjeklokkene i soknet er i henhold til tabellen frå soknepresten.
2. Oppslag om bruk av kyrkjeklokkene for kvar kyrkje vert hengt opp som instruks.

### **MØTEHANDSAMING**

Gjennomgang av tabellen for gjeldande praksis i møtet, og nødvendige justeringar vart innarbeidd.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek til orientering at gjeldande praksis av bruk av kyrkjeklokkene i soknet er i henhold til den justerte tabellen frå soknepresten.
2. Oppslag om bruk av kyrkjeklokkene for kvar kyrkje vert hengt opp som instruks.

---

## SR 2023/31 Fastsetting av tider og stader for førehandsstemming og valtinget for kyrkjevalet 2023

### UTGREIING

Fastsetjing av tider og stader bør skje innan 1. juni, med siste kunngjeringsfrist 10. august (før førehandsstemminga tek til).

Valreglene stiller nokre formelle krav, og inneheld også nokre bør-bestemmelser om tider og stader for førehandsstemming og valtinget.

Reglene skal sikre størst mogleg valdeltaking.

Valreglene seier:

*§ 9-3. Tid og sted for ordinær forhåndsstemmegivning på papir*

*(1) Valgstyret skal legge til rette for forhåndsstemmegivning den siste torsdagen i august i valgåret i tidsrommet 15:00 til 20:00.*

*(2) Valgstyret skal legge til rette for forhåndsstemmegivning etter en gudstjeneste minst én søndag i perioden for forhåndsstemmegivningen.*

*(3) Valgstyret skal legge til rette for forhåndsstemmegiving minst to timer i uken, ut over tidspunktene fastsatt i første og annet ledd.*

*(4) Valgstyret bør også legge til rette for at forhåndsstemmegivning på de institusjoner som geografisk hører til det enkelte sokn og i tilknytning til minst ett arrangement for unge.*

*§ 10-1. Tidspunktet for valg*

*(1) Valg av medlemmer til menighetsråd og bispedømmeråd og Kirkemøtet skal holdes i alle menigheter samtidig med, og i lokaler i umiddelbar nærhet til, valg til Stortinget eller fylkesting og kommunestyre. Kirkemøtet fastsetter valgår.*

*(2) Hoveddelen av valgtinget må holdes på den offisielle valgdagen. I de kommuner det holdes valg også søndagen før den offisielle valgdagen, skal det også holdes valg til menighetsråd og bispedømmeråd og Kirkemøtet samtidig. Tid for stemmegivningen skal følge tid for stemmegivning for det samtidig pågående offentlige valget.*

*Valgstyret kan bestemme at valg i kirken i tilknytning til gudstjeneste søndagen før den offisielle valgdagen avholdes som en del av selve valgtinget.*

Valstyret i Askvoll kommune har i sak VAL005/23 vedteke:

*1. Tidlegrøysting jf. valg. § 8-1 (4) skal skje etter avtale på Askvoll rådhus i ordinær opningstid i*

*perioden 03. juli – 09. august 2023*



2. Ordinær førehandsrøysting jf. valgl. § 8-1 (1) skal skje på Askvoll rådhus i ordinær opningstid,

kl. 08:00 – 15:00, i perioden 10. august – 8. september 2023. I tillegg vert det høve til førehandsrøysting:

a. Laurdag 12. august frå kl.11:00 – 14:00 på rådhuset i Askvoll

b. Laurdag 2. september frå kl.11:00 – 14:00 på rådhuset i Askvoll

c. Onsdag 6. september frå kl.10:30 – 11:30 på Askvollheimen

3. Det vert fastsett følgjande røystetider og røystestader på søndag 10. september og på valdagen måndag 11.september 2023:

<b>Røystekrins</b>	<b>Røystestad</b>	<b>Opningstid for røysting søndag 10. september</b>	<b>Opningstid for røysting måndag 11. september</b>
Bulandet og Værlandet	Bulandet skule		Kl. 13:00 – 18:00
Atløy	Atløy Kulturhus		Kl. 13:00 – 18:00
Askvoll	Askvollhallen	Kl. 15:00 – 19:00	Kl. 09:00 – 19:00
Holmedal	Holmedal bygdehus		Kl. 09:00 – 18:00
Stongfjorden	Stongfjorden grendahus		Kl. 13:00 – 18:00
Gjelsvik	Gjelsvik skule		Kl. 13:00 – 18:00

4. Valstyret vedtek at den førebelse oppteljinga av røystesetlar vert gjort hos valstyret sentralt på rådhuset, og samtlege krinsar vert slått saman.

**Vurdering og forslag frå kyrkjeverja om tider og stader for førehandsstemming og valtinget:**

#### **1. Førehandsstemming (perioden 10. august-8. september)**

a) Nasjonal førehandsstemming på Askvoll kyrkjekontor torsdag 31. august kl 15:00 – 20:00

Her skal valstyret etter § 9-3 (1) legge til rette for førehandsstemming på papir. Truleg er det mest hensiktsmessig å legge førehandsstemminga her på kyrkjekontoret.

b) Førehandsstemming etter gudstenesta i Askvoll kyrkje søndag 13. august kl. 11:00

Her skal valstyret etter § 9-3 (2) legge til rette for førehandsstemming etter minst ei gudsteneste i perioden for førehandsstemming.

*c) Førehandsstemming på kyrkjekontoret kvar tysdag kl. 12:00-14:00*

Etter § 9-3 (3) skal valstyret legge til rette for minst to timar kvar veke i perioden for førehandsstemming. Normalt vert slikførehandsstemming lagt til eit kyrkjekontoret. Truleg er tysdagar mest hensiktsmessig, då dette er dagar då både kyrkjeverje og sekretær har kontordag saman (ein skal vere to stemmemottakarar til ein kvar tid). Ein bør prøve å legge til rette for digital stemmegjeving i samband med dette).

*d) Førehandsstemming på Askvollheimen måndag 28. august kl. 1030-1230*

Etter § 9-3 (4) bør valstyret legge til rette for førehandsstemming på institusjon og i tilknytning til minst eit arrangement for barn og unge.

*e) Førehandsavstemming på Askvoll rådhus lørdagane 12. august og 2. september kl. 11:00-14:00*

Ein har i soknet ei viss tradisjon for å ha førehandsstemming på rådhuset dei laurdagane kommunen set opp for å auke tilgjengelegheita for førehandsstemming. Ein bør prøve på dette i kyrkjevalet 2023 også.

## 2. Ordinært valting:

<b>Røystekrins</b>	<b>Røystestad</b>	<b>Opningstid for røysting søndag 10. september</b>	<b>Opningstid for røysting måndag 11. september</b>
<i>Bulandet og Værlandet</i>	<i>Bulandet skule</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>
<i>Atløy</i>	<i>Atløy Kulturhus</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>
<i>Askvoll</i>	<i>Askvollhallen</i>	<i>Kl. 15:00 – 19:00</i>	<i>Kl. 09:00 – 19:00</i>
<i>Holmedal</i>	<i>Holmedal bygdehus</i>		<i>Kl. 09:00 – 18:00</i>
<i>Stongfjorden</i>	<i>Stongfjorden grendahus</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>
<i>Gjelsvik</i>	<i>Gjelsvik skule</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>

Etter valreglene i § 10-1 (1-2) skal kyrkjevalet haldast samtidig med og i umiddelbar nærheit til lokaler for val til Stortinget eller fylkesting og kommunestyret.

Nytt ved dette valet samanlikna med førre val, er at det vert ordinært valting søndagen før den offisielle valdagen.

Valstyret kan etter § 10-1 (2) «bestemme at valg i kirken i tilknytning til gudstjeneste søndagen før den offisielle valgdagen avholdes som en del av selve

*valgtinget.»*

Etter kyrkjeverja si vurdering er dette ikkje å tilrå, då ein allereie har sett opp søndagen som del av det offentlege valet.

Tider og stader i innstillinga nedanfor er i nødvendig grad avklart med kommunen og Askvollheimen.

## **INNSTILLING**

1. Tider og stader for førehandsstemming (perioden 10. august-8. september) vert:

*a) Nasjonal førehandsstemming på Askvoll kyrkjekontor torsdag 31. august kl 15:00 – 20:00*

*b) Førehandsstemming etter gudstenesta i Askvoll kyrkje søndag 13. august kl. 11:00*

*c) Førehandsstemming på kyrkjekontoret kvar tysdag kl. 12:00-14:00*

(om mogleg bør ein legge til rette for digital avstemming)

*d) Førehandsstemming på Askvollheimen måndag 28. august kl.10:30 – 12:30*

*e) Førehandsavstemming på Askvoll rådhus lørdagane 12. august og 2. september kl. 11:00-14:00*

2. Tider og stader for ordinært valting vert:

<b>Røystekrins</b>	<b>Røystestad</b>	<b>Opningstid for røysting søndag 10. september</b>	<b>Opningstid for røysting måndag 11. september</b>
<i>Bulandet og Værlandet</i>	<i>Bulandet skule</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>
<i>Atløy</i>	<i>Atløy Kulturhus</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>
<i>Askvoll</i>	<i>Askvollhallen</i>	<i>Kl. 15:00 – 19:00</i>	<i>Kl. 09:00 – 19:00</i>
<i>Holmedal</i>	<i>Holmedal bygdehus</i>		<i>Kl. 09:00 – 18:00</i>
<i>Stongfjorden</i>	<i>Stongfjorden grendahus</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>
<i>Gjelsvik</i>	<i>Gjelsvik skule</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>

## **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Tider og stader for førehandsstemming (perioden 10. august-8. september) vert:

*a) Nasjonal førehandsstemming på Askvoll kyrkjekontor torsdag 31. august kl 15:00 – 20:00*

*b) Førehandsstemming etter gudstenesta i Askvoll kyrkje søndag 13. august kl. 11:00*

*c) Førehandsstemming på kyrkjekontoret kvar tysdag kl. 12:00-14:00*

(om mogleg bør ein legge til rette for digital avstemming)

d) *Førehandsstemming på Askvollheimen måndag 28. august kl.10:30 – 12:30*

e) *Førehandsavstemming på Askvoll rådhus lørdagane 12. august og 2. september kl. 11:00-14:00*

2. Tider og stader for ordinært valting vert:

<b>Røystekrins</b>	<b>Røystestad</b>	<b>Opningstid for røysting søndag 10. september</b>	<b>Opningstid for røysting måndag 11. september</b>
<i>Bulandet og Vælandet</i>	<i>Bulandet skule</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>
<i>Atløy</i>	<i>Atløy Kulturhus</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>
<i>Askvoll</i>	<i>Askvollhallen</i>	<i>Kl. 15:00 – 19:00</i>	<i>Kl. 09:00 – 19:00</i>
<i>Holmedal</i>	<i>Holmedal bygdehus</i>		<i>Kl. 09:00 – 18:00</i>
<i>Stongfjorden</i>	<i>Stongfjorden grendahus</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>
<i>Gjelsvik</i>	<i>Gjelsvik skule</i>		<i>Kl. 13:00 – 18:00</i>

---

## SR 2023/32 Oppnemning av stemmemottakarar til kyrkjevalet

### UTGREIING

Etter kyrkjevalreglene § 9-4 (1) skal valstyret oppnemne personar som kan ta imot førehandsstemmer. Det skal alltid vere minst to stemmemottakarar til staden under førehandsstemminga.

Valstyret bør oppnemne kyrkjeadministrasjonen (kyrkjeverje og kyrkjeseekretær) som stemmemottakarar, men det bør og sikrast at fleire kan motta stemmer. T.d. kan valstyret oppnemne alle medlemmer i styret som stemmemottakarar, slik at ein har fleire å spele på ved behov.

Det er ikkje noko i vegen for at personar som er oppført som kandidat på ei valliste kan fungere som stemmemottakar (§ 9-4 (2)).

### INNSTILLING

1. Valstyret i Askvoll sokn oppnemner følgande personar som stemmemottakarar under førehandsstemminga ved kyrkjevalet 2023:

- Kyrkjeverje
- Kyrkjeseekretær
- Alle medlemmer/varamedlemmer i valstyret.

2. Kyrkjeverja syter for nødvendig opplæring før mottak av førehandsstemmer.

### MØTEHANDSAMING

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Valstyret i Askvoll sokn oppnemner følgande personar som stemmemottakarar under førehandsstemminga ved kyrkjevalet 2023:

- Kyrkjeverje
- Kyrkjeseekretær
- Alle medlemmer/varamedlemmer i valstyret.

2. Kyrkjeverja syter for nødvendig opplæring før mottak av førehandsstemmer.